

Notat

Dato: 01.11.2017
Arkivsak: 2017/15692-4
Saksbehandlar: torrods

Til: Klagenemnda

Frå: Fylkesrådmannen

Supplerande opplysningar til sak 58/17**Bakgrunn**

Klagenemnda gjorde i møte 24.10.17 i samband med handsaminga av sak 58/17 følgjande vedtak:

På grunnlag av manglande opplysningar i saka, samt konkret om saka kun omhandlar tilbygg/tak, ønskjer klagenemnda å utsetja saka til neste møte.

Fylkesrådmannen legg i dette notatet og fram supplerande opplysningar til saksframlegget som låg til grunn for vedtaket. Vedlagt følgjer også Statens vegvesen (SVV) sitt saksframlegg med vedlegga til det.

Tilhøvet mellom kommunen sitt ansvar og SVV sitt ansvar

For å utføre eit byggetiltak må ein oppfylle både føresegnene i plan- og bygningslova og føresegnene i veglova. Kommunen handsamar slike saker etter plan- og bygningslova, mens SVV handsamar dei etter veglova.

Når ein byggherre sender søknader i høve eit byggetiltak er det vilkårleg om det er kommunen eller SVV som handsamar saka først. SVV svarar ikkje for den informasjonen som vert gjeven av kommunen, og omvendt.

Kommunen sine vedtak etter plan- og bygningslova og SVV sine vedtak etter veglova har ingen samanheng. I saker som gjeld dispensasjon frå byggjegrensa er såleis kommunale vedtak utan betydning. Det sentrale er at byggherren må ha både byggeløyve frå kommunen og i denne saka løyve frå Statens vegvesen for dispensasjon frå byggjegrensa.

Historikk

Hovudtrekka i historikken i den aktuelle saka er oppstilt i tabellen på påfølgjande side:

Årstal	Tiltak
1895	Småbruk oppført på eigedomen.
1905	Naust oppført på eigedomen.
1925	Veg bygt forbi naustet.
1995	<ul style="list-style-type: none"> • Bislag/halvtekkje på naustet fjerna. • Stabbesteinar mellom fylkesvegen og naustet fjerna. • Mur oppført langs fylkesvegen
2009	Restaurering av naustet påbegynt.
2015	Naustet sitt tak trekt ut mot fylkesvegen og lagt på vegmuren
05.11.2016	Søkt SVV om dispensasjon for å trekkje taket ut mot fylkesvegen og leggje det på vegmuren (2,70 meter frå midten på vegen).

Restaurering

Saka gjeld tilbygg til eksisterande naust.

Veglova gjer ikkje skil mellom nybygg eller restaurering av bygg. Søkjaren har på søknadsskjema oppført nybygg. Det har ikkje vore tilbygg på staden i perioden 1995-2015.

I veglova § 34 heiter det m.a følgjande:

Når byggverk eller anna innretning [...] heilt eller delvis ligg eller er plassert i strid med denne lova eller med føresegner gitt med heimel i lova, må byggverket eller innretninga ikkje utan særskild løyve på nokon måte endrast slik at byggverket eller innretninga vert meir i strid med lova [...]

Løyve etter første ledd gir regionvegkontoret for riksvegar og fylkesvegar [...].

Naustet som ein søker å byggje tilbygg til har ein minste avstand til midten av vegen på mindre enn 10 meter. Ettersom byggjegrensa er 30 meter langs fv 121, er det såleis *plassert i strid med veglova eller føresegner gitt med heimel i lova*, slik den gjeld for nybygg i dag, jf lovteksten. Dette har historiske årsaker. Oppføring av tilbygg med ein minste avstand til midten av vegen på 2,70 meter vil såleis vil medføre at byggverket *endrast slik at byggverket vert meir i strid med lova*, jf lovteksten. Dette fordi bygget vil kome i kontakt med vegen og kome nærmare vegmidten.

Oppsummering

Slik fylkesrådmannen ser det, understøttar dei supplerande opplysningane i dette notatet fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak i sak 58/17.